

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon stifta i 1993 med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og at det skal ta 4 timar mellom Bergen og Oslo med tog. Medlemmene i forumet er dei 13 kommunane og dei 3 fylkes- kommunane langs banen.

Pressemelding frå Forum Nye Bergensbanen 1 oktober 2019

InterCity Bergen-Voss og InterCity Oslo – Hønefoss har lite å frykta frå ny teknologi i transportsektoren. Det er konklusjonen frå ein rapport FNB har fått utarbeidd frå Multiconsult. Rapporten er laga i høve høringsuttale til regjeringa sin rapport av 28 juni 2019- av « Ekspertutvalget - teknologi og fremtidens transportinfrastruktur».

Det er sett på kva dei fire hovudpunkta i rapporten har å seie for FNB sine to største prosjekt og det er sett på samfunnsnytte desse to prosjekta har.

Ekspertutvalet til regjeringa peikar på fire trendar som dei meiner endrar kvalitetane til fleire av dagens transportformer:

- Elektrifisering: overgang til fornybar energi i alle transportformer.
- Automatisering: overgang til køyretøy med aukande grad av førerstøtte, og til slutt heilt førerløse køyretøy.
- Samhandlande intelligente transportsystem: mogelegheit for å kopla ulike transportformer inn i same digitale plattform eller økosystem.
- Delingsmobilitet: Ny forretningsmodell som gjer det mogeleg å kjøpa tilgang til ulike transportmidlar og betale for det faktiske behov, som gjer at det ikkje vert nødvendig å investera i eige transportmiddel for å løysa transportbehovet.

Arbeidet Multiconsult har gjort er heilt i tråd med tilrådingane frå regjeringa om å stresstesta prosjekt som er i NTP, og då også stresstesta prosjekta mot nye teknologiar i samferdselsektoren.

Styreleiar i Forum Nye Bergensbanen, ordfører på Voss Hans Erik Ringkjøb, er nøgd med resultatane av analysen. «Eit av dei viktigaste formåla med IC Bergen – Voss er å laga trygg og sikker veg og bane, og som for IC Oslo – Hønefoss, å utvida bu- og arbeidsmarknaden rundt dei to største byane i landet. Då er det også naturleg å inkludera effekten av dette i kost-nytte vurderingane. Ein ser og at teknologien ikkje står i vegen for at det skal satsas på jernbane inn mot Noregs to største byar, Oslo og Bergen, også i framtida. »

«Eit stort pluss med tog er at det er mykje mindre arealkrevjande enn om folk skal nytta bil til og frå arbeid. Store mengder menneske som pendlar bør fraktas med tog», seier Ringkjøb.

Han held fram med at «Gods må framleis fraktas med tog. Regjeringa sin rapport er kritisk til dette, men med fjellovergangar med vekslande vær og føre, samt svært smale vegar, er langt frå ideelt for autonome trailerar eller svært lange vogntog. På Bergensbanen går det rundt 12 godstog i døgnet, som tilsvara at ein slepp å ha rundt 300 trailerar pr. dag på vegane aust- vest»

Ordførar i Ringerike Kjell B. Hansen peikar på at analysen stadfestar Ringeriksbanen som eit samfunnsnyttig prosjekt og at oppstart må koma i 2021, som er i tråd med noverande NTP. «IC Oslo – Hønefoss vil gje ei stor avlastning for Oslo og vera med på å byggja opp Ringeriksregionen « seier Hansen.

Ringeriksbanen vil redusere reisetida for Bergensbanen med 60 minuttar. Det tilrådde konseptet for ny jernbanetrasé og E16 Arna-Voss vil gje ytterlegare 45 minuttar i reisetidsreduksjon. Desse to prosjekta åleine vil med andre ord redusere reisetida med tog frå Oslo til Bergen med nesten to timar! 4 timar mellom Bergen og Oslo med tog er mogeleg!

For ytterlegare kommentar, kontakt:

Hans Erik Ringkjøb, styreleiar og ordførar på Voss	mob. 97138720
Kjell B. Hansen, nestleiar og ordførar i Ringerike	mob. 95752635
Hilde Magnusson, dagleg leiar FNB	mob. 41566450